

Til:

Anita Bø Hellenen
Anne-Mari Turøy Sirevåg
Aslaug Oltedal
Jan Erik Tuen
Linda Rangen Søyland
Marit Helene Brundtland
Mona Thomassen
Ole Andreas Austbø
Tone Gundersen Haugen
Tone Marie Nærland Fjellheim

Dykkar ref.

Vår ref.

17/1708 HHAL

Arkivkode

035 A20

Dato

17.01.2017

Ogna skule - referat frå møte i Skulemiljøutvalet 16.01.2017

Forfall: Ole Andreas Austbø, Aslaug Oltedal, Linda Rangen Søyland

Saker:

- 01/17 Godkjenning av innkalling og sakliste
Ok
- 02/17 Partnerskap mot mobbing, evaluering av arrangement i Ognahallen 11.01.17
Mange positive tilbakemeldingar om arrangementet. Bra gjennomført, og flinke folk som loste oss gjennom programmet. Mykje folk og god stemning. Bra med lokale artistar (Mentox). Viktig å halde fokus på at dette var ei markering for heile bygda, men at det daglege arbeidet mot mobbing held fram i skule, barnehagar, lag og organisasjonar.
- 03/17 Elevundersøkinga 2016. Resultat og fokus vidare
Generelt ei positiv utvikling innafor hovudområda trivsel, motivasjon, klasseleiing og vurdering. 8. og 10. trinn utmerkar seg positivt, og spesielt 10. trinn utmerkar seg på alle områda. Slik var det og med 10. trinn i fjor. Den største utfordringa har me på 7. trinn. Her har det vore konflikhtar og mobbesaker i haust, men etter omfattande tiltak ser me no ei positiv utvikling. Elevar og foreldre melder og tilbake om betre tilhøve og at mobbinga har stoppa.
- 04/17 Saker frå elevrådet
Representantane frå elevrådet kunne ikkje møta denne gongen.
- 05/17 Varsling om eventuelle enkeltvedtak i høve det psykososiale miljøet
Skulen har gjort to enkeltvedtak sidan førre møte. Sakene gjeld elev i 5. og elev i 7. klasse. I begge sakene er me inne i ei positiv utvikling, og dei vaksne er tett på.

Med helsing
Hå kommune

Helge Håland
rektor

Kopi til:
Trond Egil Sunde

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur